



..\_\_\_\_\_..

# Planomtale med KU- Detaljplan Slåttemyrbekken BFR 15 og 16 Turufjell





..\_\_\_\_\_..

## - INNHOLD

<b>1. INNHOLD .....</b>	<b>2</b>
<b>2. INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
1.1 REVIDERING .....	3
1.2 BAKGRUNN OG FORMÅL .....	3
1.3 EIGEDOMSHØVE.....	3
1.4 OPPDRAGSGJEVER .....	3
1.5 PLANLEGGJAR.....	3
<b>3. PLANOMRÅDE, EKSISTERANDE HØVE.....</b>	<b>4</b>
3.1 PLASSERING, STORLEIK OG PLANAVGRENSING .....	4
3.2 FORHOLD TIL GJELDANDE PLAN .....	5
3.3 FØRINGAR FOR PLANLEGGING.....	6
<b>4. PLANPROSESS.....</b>	<b>7</b>
4.1 HISTORIKK.....	7
4.2 INNKOMNE MERKNADER.....	7
4.3 KONSEKVENSUTGREIING.....	10
<b>5. PLANFRAMLEGG OG VURDERING AV KONSEKVENSAR AV PLANEN.....</b>	<b>11</b>
5.1 AVVIK FRÅ OVERORDNA PLAN .....	12
5.2 LANSKAPSVURDERING.....	15
5.3 UTNYTTINGSGRAD .....	17
5.4 UTFORMING, PLASSERING OG MATERIALBRUK .....	18
5.5 FRILUFTSLIV.....	18
5.6 GRØNSTRUKTUR .....	19
5.7 BARN OG UNGE I PLANLEGGING .....	19
5.8 TRAFIKKHØVE.....	19
5.9 VA-PLAN .....	20
5.9.1 <i>Sløkkevatn</i> .....	20
5.9.2 <i>Overvatn</i> .....	21
5.10 STØY.....	21
5.11 NATURFARE.....	21
5.12 KLIMA OG ENERGI.....	21
5.13 LANDBRUKS- OG NATURRESSURSAR .....	21
5.14 VASSRESSURSAR .....	23
5.14.1 <i>Vurdering etter Forskrift om rammer for vannforvaltningen</i> .....	23
5.14.2 <i>Tjern og bekkestrengar</i> .....	25
5.14.3 <i>Myr</i> .....	25
5.15 KULTURMINNE .....	27
5.16 FORHOLD TIL KRAVA I KAP II I NATURMANGFOLDLOVEN .....	28
5.16.1 <i>Bakgrunn</i> .....	28
5.16.2 <i>Kunnskapsgrunnlaget (§8)</i> .....	28
5.16.3 <i>Føre var prinsippet (§9)</i> .....	28
5.16.4 <i>Økosystemtilnærming og samla belastning (§10)</i> :.....	28
5.16.5 <i>Kostnadene ved miljøförringelse skal bæres av tiltakshaver (§11)</i> :.....	28
5.16.6 <i>Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetode (§12)</i> :.....	28
5.16.7 <i>Vurdering</i> :.....	28



..	5.17 ROS.....	28
<b>6.</b>	<b>SAMANSTILLING AV VERKNADER.....</b>	<b>30</b>
1.1	OMTALE AV 0-ALTERNATIVET .....	30
1.2	SAMANSTILLING AV KONSEKVENSAR.....	30
<b>7.</b>	<b>VEDLEGG .....</b>	<b>31</b>

---

---

## - INNLEIING

---

### 1.1 Revidering

### 1.2 Bakgrunn og formål

Forslagsstiller Turufjell AS har utarbeidd områdeplan for Turufjell. I denne er det laga detaljplanar for felta BFR7, 9, 27, 38 og 39. Felta er opparbeidd eller under opparbeidning. For felta BFR 3, 4, 5, 6 og 8 er planen vedteke og område BFR5 er under opparbeidning. Områda BFR1 og 2 var varsle saman med BFR 3, 4, 5, 6 og 8, men er teke ut som eige plan. No er det ynskje om å utarbeide plan for BFR15 og 16 med fritidstromter, vegar, tur/skiløyper og grønareal.

### 1.3 Eigedomshøve

Tabellen nedanfor syner eigedomar som er omfatta av planen, teigen er delvis råka.

Eigedom Gbnr.	Storleik	Tinglyst eigar/festar
10/12	2 897 577 m <sup>2</sup> (planen dekker deler av eigedomen)	Turufjell AS

### 1.4 Oppdragsgjevar

Turufjell AS

### 1.5 Planleggjar


Arkitekthagen AS ved master i arkitektur Torstein Haug Hagen



..

## - PLANOMRÅDE, EKSISTERANDE HØVE

### 3.1 Plassering, storleik og planavgrensing



Grunnkart med linjer for skianlegg og planavgrensning i uteha stipla svart strek

Planområdet er på om lag 458 daa, ligg vest for baseområdet og skianlegg BSA1 i områdeplan for Turufjell og er ein del gbnr. 10/12. Området er i stor grad ubygde med unntak av veg SKV3 i områdeplan som er opparbeidd og gjer tilkomst til store delar av fritidsområda på Turufjell.

Planområdet strekker seg frå om lag 670 moh. i sør til 810moh. til det høgste punktet mot nord.

Planen omfattar avgrensing for fritidsføremål BFR 15 og 16 i gjeldande plan og eit belte med LNF rundt dette. I tillegg er det mot aust teke med ein del av BSA1 som ikkje er nytta som skianlegg. I sør og aust er plangrensa sett i senter veg SKV3.

Planområdet ligg inn mot opparbeidd alpintrase mot aust. Arealet stig elles jamt frå sør mot nord utan markante høgdedrag eller kollar. Vegetasjonen i området består i hovudsak av fjellskog med bjørk og furu, undervegetasjon av lyng. Det er stadvis noko myrlendt.



..\_\_\_\_\_..

### 3.2 Forhold til gjeldande plan

Kommuneplan:  
Gjeldande overordna  
plan for området er  
"Kommuneplanenes  
arealdel 2015-2027",  
vedtatt 26.05.16.

I arealdelen er området  
avsett til;


- LNFR
- Fritidsbebyggel  
se
- Skianlegg



Utsnitt frå kommuneplanens arealdel i kommunekart.com

Reguleringsplan:  
Gjeldande  
reguleringsplan for  
området er  
«Områdeplan for  
Turufjell» vedtatt i  
kommunestyret sak  
57/17 den 17.08.2017  
er området avsett med  
formåla;

- LNF
- Fritidsbebyggelse
- Kjøreveg
- Annen veggrunn-  
grøntareal
- Skianlegg
- Grøntstruktur



Utsnitt frå reguleringsplan i kommunekart.com



..\_\_\_\_\_..

### 3.3 Føringar for planlegging

- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2033 Meld. St. Nr. 18 (2015-2016)
- Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet
- Den europeiske landskapskonvensjonen.
- Rettleiar om planlegging av fritidsbustader H-2528 N
- Naturmangfoldmeldinga - Natur for livet (2015-2016)
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (natur-mangfoldloven)
- Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging fra 2017
- H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling.
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Regional plan for vannforvaltning i Innlandet og Viken vannregion 2022-2027
- Forskrift om rammer for vannforvaltningen
- Klima- og miljødepartementets støyretningslinje T-1442/2021
- Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035
- Miljøverndepartementets rundskriv T-2/08
- Energi- og klimaplan for Flå kommune 2017 - 2021
- Trafikksikkerhetsplan Flå kommune 2018-2022
- Friluftskartlegging Flå kommune



..

## - PLANPROSESS

### 4.1 Historikk

- Oppstartsmøte med kommunen vart halden 20. mai 2022.
- Brev med oppstartsvarsel sendt naboar og offentlege instansar 27. mai 2022
- Planarbeid varsla med annonse i Hallingdølen 26.mars 2020

Matrikkelnr.	Navn	Adresse:	Postadresse
-	Hilde Ole	Austsidevegen 121	3539 Flå
-	Hegglid Gina-Borghild	Birtedalsvegen 507	3870 Fyresdal
	Statsforvalteren i Oslo og Viken		sfovpost@statsforvalteren.no
	Statens vegvesen		firma/post@vegvesen.no
	Viken fylkeskommune		post@viken.no
	Mattilsynet		postmottak@mattilsynet.no
	NVE Region Sør		rs@nve.no
	Hallingdal Kraftnett		firma/post@hallingdal-kraftnett.no
	Hallingdal Renovasjon IKS		firma/post@hallingdalrenovasjon.no
	Hallingdal brann- og Redningstjeneste IKS		post@hallingdal-brannvesen.no
	Forum for natur og friluftsliv Buskerud c/o DNT Drammen og Omegn		buskerud@fnf-nett.no
	Naturvernforbundet i Buskerud		buskerud@naturvernforbundet.no
	Flå kommune		postmottak@flaa.kommune.no
	Turufjell Vel		stig@paulsen.pm

Frist for å kome med merknader til planarbeidet vart sett til 08. juli 2022.

Ein tar sikte på 1. gongs handsaming seinhausten 2023 og endeleg planvedtak vinter 2024.

### 4.2 Innkomne merknader

Innanfor høyingsfristen kom det 5 merknader. I tabellen under er det laget eit kort samandrag og ei vurdering av merknadene. Alle merknader er lagt ved oversendinga til kommunen ved fyrstegongs handsaming.

Frå	Samandrag av innhaldet	Kommentar
Statens vegvesen, brev dagsett 08.06.2022	1. Rekkefølgjeføresegn om ny trafikkvurdering etter IG 420 gjeld totalt for områdeplan, må presiserast i føresegn til detaljplan.	1. Sjå punkt 5.8 trafikkhøve
Statsforvaltaren i Oslo og Viken, brev dagsett 22.06.2022	1. Kunngjeringa set at det skal gjerast ei vurdering på tal einingar, utan at det går fram om det er fleir eller færre. I utgangspunktet meiner Statsforvaltaren det er positivt at areala som er vedtatt til utbygging blir utnytta godt for å avlaste behovet for å ta i bruk andre naturområde til utbygging. Det er omfattande utbygging i fleire område i Flå kommune, som gjer at argument med å fortette for å avlaste andre område ikkje kjem helt til sin rett slik vi vurderer saka. Vi legg til grunn at områdets eigenskap for fritidsbusetnad blir tilstrekkeleg vektlagt. 2. Natur, landskap og friluftsliv: Planframlegget må i tilstrekkeleg grad dokumentere verknaden av planlagd utbygging. Terrenget er bratt enkelte stader, det må dokumenterast korleis det blir løyst.  Syner til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023. Regjeringa legger vekt på at utbygging skjer på ein måte som sikrar kvalitet i områda. Samanhengande grøntstruktur og god landskaps- og terrengtilpassing av infrastruktur og bygningsmasse, er viktig.	1. Sjå punkt 5.1 Avvik frå overordna plan og punkt 8.2 samanstilling av konsekvensar. 2. Sjå punkta 5.2 Landskapsvurdering, 5.6 Grøntstruktur, 5.14 Vassressursar. 3. Sjå punkta 5.14 Vassressursar og 5.9 VA-plan.



	<p>Syner til Europarådets landskapskonvensjon som tråtte i kraft 1. mars 2004 og rettleiar frå Miljøverndepartementet (nå Klima- og miljødepartementet) om planlegging av fritidsbygg T-1450. Her går det blant anna fram at terreng brattare enn 1:4 ikkje bør byggast ut då dette vil gje store terrengeingrep. Terreng mellom 1:4 - 1:6 bør berre byggas ut med bygningar som tar spesielle omsyn til terrengtilpassing.</p> <p>Videre er det viktig at vassdrag vert forvalta gjennom heilheitlig arealpolitikk som sikrar vassdragslandskap, vassdragsbelte og vassressursar. I plan- og bygningsloven § 1-8 er det fastsett at det i 100-metersbeltet langs vassdrag skal tas særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser. Randsoner langs vassdrag er og blant dei mest artsrike og bevaringsverdige med omsyn til landskapsøkologi og biologisk mangfald. I tillegg utgjer vassdragsnaturen et viktig element i friluftssamanhang. Vi ber derfor om at det blir sikra eit tilstrekkeleg grøntbelte langs Slåttemyrbekken som renn gjennom område.</p> <p>Syner til statlege planretningsline for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing frå 2018. Her går det fram av punkt 4.3 at planer skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvathandtering. Kommunane skal ta utgangspunkt i naturbaserte overvassløysningar. Vidare skal konsekvensane av klimaendringane vurderast, og høge klimaframkskrivingar skal leggast til grunn for planlegginga.</p> <p>Det er viktig at myrområde/våtmark blir sikra og ivaretatt som ein del av grøntområda i planforslaget. Vi viser til nasjonale føringer kvar ivaretaking myr er vektlagt. Utover viktige landskaps- og friluftsverdiar som ofte er knytt til myrområda, står det at myra er viktig for naturmangfaldet, som flaumdempar, reinsing av vatn og som karbonlager. Vi viser til stortingsmeldinga om naturmangfald - Natur for livet frå 2015, Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging frå 2019 og Klimaplan for 2021- 2030 (Meld. St. 13 (2020-2021)).</p> <p><b>Vassmiljø og avlaup:</b> Vassforskrifta § 4 om miljømål fastsett at tilstanden i overflatevatn skal beskyttast mot svekking, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vassforskrifta er følgt opp av den regionale planen for vassregion Vest-Viken. Denne er nå under oppdatering, og ny regional plan for vassregion Innlandet og Viken er venta godkjent av Klima- og miljødepartementet etter sommaren 2022. Etter vassforskrifta kan ikkje nye tiltak/ny aktivitet eller nye utslepp tillatast i ein vassførekomst dersom det fører til ei varig svekking av miljøtilstanden (for minst eitt kvalitetselement eller for samla tilstandsklasse) eller gjer det vanskelegare å oppnå miljømåla, med mindre visse vilkår er oppfylt.</p> <p>Kommunen må gjere greie for planforslaget sin verknad på vassmiljø og ta nødvendige omsyn til vassmiljøet og dei miljømåla som er fastsett. Det tyder blant anna at miljøtilstand etter vassforskrifta skal omtale og at effekten av planlagde tiltak og aktivitetar vurderast og sjåast i samanheng med miljømåla. Dette gjelder også for vassførekomstar utanfor planområde som vil kunne bli påverka av utslepp i samband med avlaupsinfrastrukturen.</p> <p>Kommuna i si bygesakshandsaming skal sørge for at bortleiring av avlaupsvatn er sika og i samsvar med forureiningslova før oppretting eller endring av eigendom til busetnad eller</p>
--	---



	<p>oppføring av bygg blir godkjent, jf. plan- og bygningsloven § 27-2 første ledd. Ein kan ikkje gje byggeløyve, eller frådelingsløyve, der avlaupshøva ikkje er i samsvar med forureiningslova. Eit anlegg som har tilkopla fleire pe enn løyve gjer, er ikkje i samsvar med forureiningslova. Vi ber om at det blir utgreidd som en del av planarbeidet.</p>	
NVE, brev dagsett 22.06.2022	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. NVE sin kartbaserte rettleiar for reguleringsplan er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleia og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.</li> <li>2. Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kartbasert rettleiar er nytta og naturfarer identifisert gjennom områdeplan er vidareført i plankart og føresegns. Sjå punkt 5.11 Naturfare.</li> <li>2. Administrasjon avgjer ved utlegging til offentleg ettersyn.</li> </ol>
Viken Fylkeskommune, brev dagsett 08.07.2022	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035 er viktig føring for planarbeidet. Planen gir føringar om at det skal tas omsyn til forsvarleg overvatnshandtering, viktig naturmangfold, god matjord, kulturhistoriske verdiar, estetiske kvalitetar, strandsone mot vann og vassdrag og sikre overordna grønstruktur og tilgang til grøntområde.</li> <li>2. I varsel er tal einingar det blir lagt opp til i områdereguleringa kun ei føring. Viken fylkeskommune anbefaler at tal einingar det blir lagt opp til i planen, vert tilpassa eksisterande område i høve til landskap og eksisterande busetnad. Kommunen bør i den samanheng vere open for at tal einingar derfor kan bli mindre enn det gjeldande plan legg opp til.</li> <li>3. <b>Landskapstilpassing av fritidsbustader:</b> Planarbeidet må vektlegge god landskaps- og terrengetilpassing av nye inngrep. Viser til rettleiar T1450 Planlegging av fritidsbusetnad. Rettleia seier at område brattare enn 1:4 byggast ut, medan områder med helling mellom 1:4-1:6 kun bør byggast ut med spesielle tilpassingar. Landskapsomsyn må vektleggast i planarbeidet, og anbefaler at vurderingane kjem tydleg fram i planomtala. Det bør lagast føresegns som avgrensar høgder på fylling og skjering, og føresegns om material- og fargebruk på fasadar som skal bidra til eit avdempa og tilpassa uttrykk.</li> <li>4. <b>Vassmiljø:</b> Regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken 2016-2021 har fastsett mål for vassmiljøet i alle vassførekommunar i vassregionen. Det må gjerast ei konkret vurdering av om planforslag vil kunne påverke fastsette miljømål, jf. §4 i vassforksifta og den regionale vassforvaltingsplana. Dersom planforslaget vil kunne påverke miljømåla må det gjerast ei eige vurdering etter vassforskrifta §12 om ny aktivitet eller nye inngrep.</li> <li>5. <b>Myr:</b> Myrområda har ein stor verdi som karbonlager, for det biologiske mangfaldet, for overvasshandtering og flaudemping. Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035 seier at ein skal omsyn til myrområda, i høve til i retningslinje 1 b. i kapittel 4.4.5. Drenering av intakte myrer vil gi klimagassutslepp og verking for naturmangfoldet. Vi anbefaler at ein har ei byggegrense mot myr slik at tomter ikkje blir lagt mot kant til myrområde.</li> <li>6. <b>Arkeologi - automatisk freda kulturminne:</b> Områdeplanen for Turufjell er tidlegare registrert av fylkeskommunen. Det vart ikkje funnet nokon automatisk freda eller nyare tids kulturminne innanfor delområda BFR 15 og 16. Fagfeltet har derfor ingen merknad til oppstart av planarbeidet. Ber likevel om at følgande føresegns vert innarbeidd ved planforslag til offentleg ettersyn:</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sjå punkta 5.9 VA-plan, 6.16 Forhold til krava i kap II i Naturmagfoldloven, 5.13 Landbruks- og naturressursar, 5.15 Kulturminne, 5.14 Vassressursar, 5.2 Landskapsvurdering og 5.6 Grøntstruktur</li> <li>2. Sjå punkt 5.1 Avvik frå overordna plan og punkt 8.2 samanstilling av konsekvensar.</li> <li>3. Sjå punkta 5.2 Landskapsvurdering, 5.3 Utnyttingsgrad og 5.4 Utforming, plassering og materialbruk.</li> <li>4. Sjå punkt 5.14 Vassressursar.</li> <li>5. Sjå punkt 5.14 Vassressursar.</li> <li>6. Sjå punkt 5.15 Kulturminne.</li> </ol>



	<p>«Dersom det i forbindelse med tiltak i marka blir funnet automatisk fredete kulturminner, skal arbeidet straks stanses og melding skal snarest sendes kulturminnemyndighetene i Viken fylkeskommune, jfr. Lov om kulturminner § 8. Det er viktig at de som utfører arbeid i marka gjøres kjent med denne bestemmelse.»</p>	
Mattilsynet, brev 04.07.2022	1. Mattilsynet antar at det er offentleg vann og avlaup i nærleiken av planområde, og at fritidsbusetnaden blir kopla til offentleg vann og avlaup. Dersom Slåttemyrbekken BFR 15 og 16 ikkje skal koplast til offentleg vann og kloakk, må det etablerast fellesanlegg for hele planområdet. Eigarskap til leidningsnettet må avklarast i planen, for å sikre drift/vedlikehald av leidningsnettet. Internt leidningsnett i planområde er registreringspliktig og kan utløyse krav til plangodkjenning.	1. Sjå punkt 5.9 VA-plan

#### 4.3 Konsekvensutgreiing

I planinitiativ, og på varsesstadiet vart arbeidet med planen vurdert til ikkje å falle inn under forskrift for konsekvensutgreiing. Gjennom arbeid med planen ser ein at planframlegget legg opp til bruk av område som i overordna plan ikkje er sett av til formålet. Detaljreguleringa fell derfor inn under forskrift om konsekvensutredninger § 6 a) til c); då planen innehold tiltak nemnt i vedlegg I, punkt 25. Det er skriven slik; «Nye bolig- og fritidsboligområder som ikke er i samsvar med overordnet plan».

Hovudtrekket i avvik mellom områdeplan og detaljplan ligg i ynske om å bruke delar av område regulert til skianlegg som areal for konsentrert fritidsbygg. Samt at skiformål blir lagt inn i område for fritidsbusetnad.

I praksis er aktuelle utgreiingstema tidlegare gjennomført i samband med konsekvensutgreiing for områdeplan. Det føreligg stor eksisterande kunnskap om området. Ein prosess etter KU-forskrifta er derfor vurdert til å ikkje medføre vesentleg større utgreiingsbehov enn dei som ein til vanleg gjer i ei planomtale. I vurdering av konsekvensar er det høve rundt utnytting av området som ikkje samsvarar med overordna plan det er lagt vekt på. Av same grunn er det ikkje utarbeidd planprogram i samband med utgreiinga.

Oppsummert er planframlegget og planlagt tiltak vurdert til ikkje å ha vesentleg verknad for miljø og samfunn.




## - PLANFRAMLEGG OG VURDERING AV KONSEKVENSAR AV PLANEN

I dette kapittel blir det gjort ein gjennomgang av tema i reguleringsplanen med omtale og vurdering av konsekvensar for planen. Konsekvensane vil i siste kapittel kort bli oppsummert og vurdert opp imot 0-alternativet som vil seie at område regulert til Skianlegg ikkje vert teke i bruk til fritidsbustader.

Planen legg opp til 135 nye einingar for fritidsbygg på frittliggende tomter og 131 nye einingar som firemannsbustader på konsentrert tomt.


	Formål	Stk
<b>Bebyggelse og anlegg (PBL §12-5, nr.1)</b>	Fritidsbebyggelse - frittliggende	135
	Fritidsbebyggelse - konsentrert	3
	Skianlegg	23
<b>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2)</b>	Kjøreveg	18
	Annен veggrunn - grøntareal	59
<b>Grønnstruktur (PBL § 12-5, nr.3)</b>	Kombinerte grønnturføremål	5
	Naturområde - Grønntstruktur	1
<b>LNF</b>	LNR-areal for nødvendig tiltak for landbruk og reindrift og	52



Bilete syner framlegg til plankart.



## 5.1 Avvik frå overordna plan



Illustrasjonen syner med skravur dei areala som ikkje samsvarar med areal i områdeplan.



..  
Første byggetrinn for skianlegg BSA1 tok for seg den austre delen av anlegg og stod ferdig hausten 2019 med ei etablering med heis og tre nedfartar. Byggetrinn 2 for den vestre delen vart gjennomført sommaren 2021 med ein ny heis og to nye nedfartar. Planområde for BFR 15 og 16 er lagt inn mot den vestre nedfarten i BSA1. Firmaet Mountainworks har jobba med ein heilheitleg plan for løyper og nedfartar i høve til å få fine skiløyper og koplinga mot eksisterande heisanlegg frå fritidseiningar rundt anlegget. I detaljplanen har ein nytta seg av areal som i områdeplan er sett til skianlegg som område for fritidsbygg og LNF-område i tillegg til skianlegg for å kunne strekke løypenettet ut til tilgrensande område. Grunna endringa ser ein at skiljet mellom fritidsbustader og skianlegg er meir utvissa enn i områdeplan.

Illustrasjonen på førige side syner kva areal som i detaljplanen som har avvik i høve til områdeplan. I tabellen under er det sett opp kolonne for arealformål i områdeplan, arealformål i detaljplan, skravurfarge i illustrasjon og storleik av arealet som er endra.

Områdeplan	Detaljplan	Skravur	Areal
Skianlegg	Byggeområde	Mørk magenta	63 673m <sup>2</sup>
	LNF/Grøntstruktur	Mørk grøn	66 815m <sup>2</sup>
LNF/Grøntstruktur	Byggeområde	Mørk raud	2 320m <sup>2</sup>
	Skianlegg	Mørk gul	9 015m <sup>2</sup>
Byggeområde	LNF/Grøntstruktur	Mørk blå	74 660m <sup>2</sup>
	Skianlegg	Mørk cyan	12 864m <sup>2</sup>

Definerer ein skianlegg, grøntstruktur og LNF-område som allmennytigeformål og areal til fritidsbustad, køyreareal og anna veggrunn som byggeområde vil ein gjennom detaljplanen ha endra  $63\ 673 + 2320\ m^2 = 65\ 993\ m^2$  frå Allmennytige formål til byggeområde, og  $12\ 864 + 74\ 660\ m^2 = 87\ 524\ m^2$  frå byggeområde til allmennytige formål. Differansen er  $87\ 524\ m^2 - 65\ 993\ m^2 = 21\ 531\ m^2$  i favør av allmennytige formål.

Areal avsett til skianlegg innanfor avgrensinga for detaljplanen er på 148 766 m<sup>2</sup>, i planframlegget er 66 673 m<sup>2</sup> lagt til fritidsformål og vegar, medan 66 815 m<sup>2</sup> er lagt til grøntområde, resterande areal på 15 278 m<sup>2</sup> held fram å vere skianlegg. Samla areal for skianlegg innanfor detaljplan vil vere på  $15\ 278 + 9\ 015 + 12\ 864 = 37\ 157\ m^2$ .

For å oppsummere er det samla sett innafor plangrensa 21531 m<sup>2</sup> meir areal til skianlegg, grøntstruktur og LNF-område enn i områdeplan. Og tilsvarende mindre areal til utbyggingsføremål enn i områdeplan.

I tabellen under er det laga oppstilling på kvar føresegnene avviker frå overordna plan

Områdeplan	Detaljplan	Vurdering																							
<b>§3.1 Plankrav</b> Områda H1-H210, BSA1, BKB-BFT/BFK, BRE, SPA1-SPA5 kan byggast ut etter føresegna i denne planen.  Det er krav om utarbeiding av detaljplan for områda BFR1-BFR45, BSA2 og BKB-BSM/BVA/BL (ved uttak av over 10000m <sup>3</sup> fastmasse) før det kan gjevest løyve til tiltak innanfor desse byggeområde. Innanfor byggeområda i planen kan det byggast ca. 2000 eininger. Områda BRF33,34 og 40-45 er tidlegare godkjente planar som er teken inn i denne planen og er ikkje ein del av total talet. Ei ca. fordeling på tal eininger er synt i tabell nedanfor. Tabellen er rettleiande, det kan gjerast omdisponeringar.		Tabellen gjer oversikt på avvik mellom rettleiande tal på eininger i områdeplan og regulerte eininger i detaljplan:  <table border="1"> <thead> <tr> <th rowspan="2">Felt</th> <th colspan="3">Einingar</th> </tr> <tr> <th>Område-plan</th> <th>Reg.plan</th> <th></th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>BFR15</td> <td>105</td> <td>70</td> <td>131</td> </tr> <tr> <td>BFR16</td> <td>20</td> <td>17</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>BSA1</td> <td>0</td> <td>48</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td><b>Samla</b></td> <td><b>125 stk.</b></td> <td><b>135 stk.</b></td> <td><b>131 stk.</b></td> </tr> </tbody> </table> Områdeplan har ein oversiktstabell for delområda (BFR) med totalt 1831 eininger, medan samla tal for Turufjell er ca. 2000 eininger. Planframlegg for BFR 15 og 16 legg opp til 135 eininger på frittliggende tomter og inntil 131 eininger på areal til konsentrert fritidsbygg. Samla tal for desse BFR-områda og BSA1 er maksimalt 125 eininger. Det er 141 eininger meir enn rettleiande tal i områdeplan.	Felt	Einingar			Område-plan	Reg.plan		BFR15	105	70	131	BFR16	20	17	0	BSA1	0	48	0	<b>Samla</b>	<b>125 stk.</b>	<b>135 stk.</b>	<b>131 stk.</b>
Felt	Einingar																								
	Område-plan	Reg.plan																							
BFR15	105	70	131																						
BFR16	20	17	0																						
BSA1	0	48	0																						
<b>Samla</b>	<b>125 stk.</b>	<b>135 stk.</b>	<b>131 stk.</b>																						



		<p>Inn mot aktivitetsinfrastruktur har ein både i detaljplan BFR 7 og 38, BFR9, BFR27 og BFR 3-6 og 8 lagt til rette for fritidsbustader med fleire einingar og område for mindre einingar. Då områda i BFR15 framstår svært godt knyta mot alpinanlegget, og at ein ynskjer å legge til rette for ulike buformer på fjellet, meiner ein det er god arealbruk å nytte deler av område til konsentrert fritidsbustader sjølv om det i områdeplanen er regulert til frittliggende og går over rettleiande tal på einingar. Tal sett opp tidlegare syner òg at det er ein «buffer» på einingar samla.</p> <p>Gjennom arbeid med planen har ein sett at areal mellom opparbeidde nedfartar i skianlegg BSA1 og delområde BFR15 ikkje eignar seg til reine alpinnedfartar. Område oppfyller både kriteriet om nærliek til aktivitetsinfrastruktur og god byggegrunn, ein har derfor ynskt å bruke moglegheita for etablering av fritidsbustader sjølv om det i områdeplanen er regulert til skianlegg og går over rettleiande tal på einingar.</p>
<b>§ 3.2 Rekkefølgjekrav</b> <u>1) Krav i samband med utbyggingsrekkefølge:</u> 1. BSA 1 skal vere opparbeidd med heis og nedfart innan igangsettingssløyve vert gjeven for fritidseining nr. 100.	Ingen føresegn	Føresegna er fjerna då tiltaket er gjennomført
<b>§ 3.2 Rekkefølgjekrav</b> <u>2) Krav i samband med vegar, vann- og avlaupsleidningar og teknisk infrastruktur</u> 1. Omlegging av veg forbi Heimoen bustadfelt, og breiddeutviding av vegen mellom FV. 203 og jernbaneundergang, skal vere ferdigstilt før anleggsarbeid i områdeplan Turufjell eller H29 - Veneliskogen i arealdelen vert sett i gang.	Ingen føresegn	Føresegna er fjerna då tiltaket er gjennomført
<b>§ 3.2 Rekkefølgjekrav</b> <u>2) Krav i samband med vegar, vann- og avlaupsleidningar og teknisk infrastruktur</u> 2. Gangveg langs Fv. 203 frå Flå stasjon til kryss Heivegen og frå kryss Heivegen til byggefelt på Heimoen skal vere bygd før igangsettingssløyve for fritidseining nr. 100 vert gjeven innan områdereguleringsplanen eller H29 - Veneliskogen i arealdelen.	Ingen føresegn	Føresegna er fjerna då tiltaket er gjennomført



<b>§ 3.2 Rekkefølgjekrav</b> <u>2) Krav i samband med vegar, vann- og avlaupsleidningar og teknisk infrastruktur</u> 4. Renovasjonspunkt BRE skal vere opparbeidd med nødvendig utstyr før det vert gjeven bruksløyve for 1. eining i byggesteg 1.	Ingen føresegn	Føresegna er fjerna då tiltaket er gjennomført
<b>§ 3.2 Rekkefølgjekrav</b> <u>2) Krav i samband med vegar, vann- og avlaupsleidningar og teknisk infrastruktur</u> 5. Veg SKV 22 til Skarsdalen skal vere opparbeidd innan igangsettingssløyve vert gjeve for fritidseining nr. 100.	<b>4. REKKEFØLGJEFØRESEGN</b> <u>4.1 Krav i samband med vegar, vann- og avlaupsleidningar og teknisk infrastruktur</u> 1. Veg SKV 22 til Skarsdalen skal vere opparbeidd innan igangsettingssløyve for fritidseining nr. 350, eller seinast 31.12.2023.	Endra etter godkjent dispensasjonssøknad i påvente av kommunal avklaring i samband med framføring av vatn- og avløpsanlegg til Skarsdalen.
<b>§ 3.2 Rekkefølgjekrav</b> <u>2) Krav i samband med vegar, vann- og avlaupsleidningar og teknisk infrastruktur</u> 6. Før det vert gjeven IG på eining nr. 420 (byggetrinn 1) skal det føreligge ny trafikkvurdering for trafikkbelastinga området har på rv.7	Ingen føresegn	Føresegn fjerna då det er utarbeidd nytt trafikknotat. Sjå punkt 5.8 trafikkhøve for utfyllande informasjon.
<b>§ 4.6 H – Fritidstomter</b> <u>1) Utnytting og plassering</u> - På tomter med gjennomsnittleg stigning mellom 1:6-1:4 skal hytta trappast i terrenget, eller ikkje vere breiare enn 6 meter. - På tomter med gjennomsnittleg stigning over 1:4 skal hytta trappast i terrenget, eller ikkje vere breiare enn 5 meter.	<b>3.1.2 Fritidsbyggfrittliggande (H)</b> <u>1. Fellesføresegn</u> •For fritidseiningar på tomten H568, H571, H572, H604, H611, H612, H632, H648, H650, H652, H657, H658, H664, H665 og H666 skal hytte anten byggast med sokkel, trappast i terrenget, eller ikkje vere breiare enn 7 meter. Lengderetninga på hytta skal følgje høgdekotene.	I områdeplan vart det ikkje angitt kva som var bratte tomter. I seinare detaljplanar er det gjort ei vurdering i samband med utarbeiding av planen kva som er bratte tomter. Desse tomtene har fått eige føresegn for innpass i bratt terreng. Oppføring av hytter på tomter i Turufjell skjer i stor grad med ferdighytter frå hytteleverandørar. Få eller ingen av produsentane leverer smalar hytter enn 7 meter. For ikkje å gjere tomtene utilgjengeleg for hytteleverandørane er breidda auka. Føresegn om god innpass i terrenget står framleis og vil òg gjelde for desse tomtene.

## 5.2 Lanskapsvurdering



..  
..

**Landskapsbilde:** Turufjell er i hovudsak eit naturlandskapsområde. Urørt areal innan områdeplan er til no i liten grad påverka av menneskeleg aktivitet, men vil i åra som kjem gjennomgå store endringar som følge av planlagde utbygging med hytter, alpinanlegg og tilhøyrande infrastruktur. Terrenget er typisk for denne regionen, med skogkledde åssider, enkelte høgdedrag med moglegheit for utsikt over det skogkledde terrenget, kløfter der bekker renn, skrinne toppar med fjell i dagen, og område med våte myrparti.

Planområdet ligg ned mot Olaseterbekken mot aust som har grave seg ned i landskapet. Arealet stig elles jamt frå sør mot nord utan markante høgdedrag eller kollar og staden ligg med sol og utsikt mot hovuddalen.


**Fjernverknad:** Store deler av Turufjell ligg i ei kvelving tilbaketrekte frå ein markant kant på nord-nordaustsida av Flå sentrum. Denne kanten skjermar for innsyn frå Flå sentrum. Lokalt ligg BFR15 og 16 lite eksponert til mot resten av felta innanfor områdeplan.

**Skala og rom:** Begrepet skala har samanheng med landskapets målestokk. Landskap med oversiktleg terren med lange siktlinjer og få/jamne vekslande overgangar definerast som storskala. Områder med mange overgangar mellom horisontale- og vertikale linjer, som f.eks. et småkupert, kollete landskap oppfattast meir som småskala. Turufjell er eit typisk småskala landskap.

**Hellingsgrad:**

Hellingskartet syner at store delar av arealet innafor avgrensinga har ein hellingsgrad på frå flatt opp til 1:6, med nokre parti med helling mellom 1:6-1:4. Dei brattaste partia finn ein inn mot skianlegget.

For tomtene H568, H571, H572, H604, H611, H612, H632, H648, H650, H652, H657, H658, H664, H665 og H666 med store delar av arealet innan for hellingsgrad 1:6-1:4 er det gitt eigen føresegn for betre innpass i terrenget. Der hytte skal anten byggast med sokkel, trappast i terrenget, eller ikkje vere breiare enn 7 meter. Lengderetninga på hytta skal følgje høgdekotene.



Kartet syner formålsgrenser på hellingeskart.

### 5.3 Utbyggingsgrad

Tomter H: Er regulert til frittståande hytter. Utbyggingsgraden for tomtene følger områdeplan for Turufjell med 236 m<sup>2</sup> BYA pr. tomt. Innanfor dette arealet kan summen av fritidshus og anneks være på inntil 150 m<sup>2</sup>. Annekset kan ikke være større enn 50 m<sup>2</sup>. Uthus/garasje kan være på inntil 50 m<sup>2</sup>. Det vil seie at tomteeigar står fritt til å kombinere bruken av arealet innanfor dei maks grensene som er sett for kvar bygningstype. Kravet om to parkeringsplassar á 18 m<sup>2</sup> pr. fritidsbustad skal rekna med i total utbygging for tomta.

Tomter BFK: For å få ein god samanheng på områda skal ein ved planlegging av tomtene sjå kvart enkelt delområde under eitt. Det skal lagast utomhusplan for heile tomta som syner tilkomst, parkering, grøntareal, omarbeidd terren, skjering/fylling, plassering av tiltak og avstand frå tiltak til tomtegrense. Innanfor området skal det innpassast areal til uteopphold og leik. Uteområdet skal opparbeidast med god kvalitet.



..  
..

**BFK17:** Tomta er om lag 8 daa, er regulert til fritidsbustader konsentrert og ligg i sørhallingen nordvest for botnstasjonen til den vestre heisen. Sentralt på tomta ligg stigningsgraden mellom 1:6 og 1:4 ut mot sidene er terrenget litt flatare og hallar opp mot 1:6. Utnyttingsgraden for heile tomta er sett til 3500m<sup>2</sup>, noko som er ca. 45% av totalt areal. Utnyttingsgraden inkludert bygg og parkering på bakkeplan. Det kan samla settast opp til saman 36 einingar. Parkering kan løysast i bygg eller på bakkeplan, parkeringskrav kjem fram i punkt 5.8 trafikkhøve.

**BFK 18 og 19:** Tomtene er på høvesvis om lag 12daa og 7 daa, og ligg i eit flatare parti sentralt i planen. Stigningsgraden ligg frå flatt opp til 1:6, eit lite parti i den nordre delen av BFK 19 har brattare stigning. Utnyttingsgraden er om lag 48% med 5500m<sup>2</sup> BYA for BFK 18 og om lag 45% med 3300m<sup>2</sup> BYA for BFK 19. Tomtene kan byggast ut med inntil 36 einingar innafor BFK 18 og 36 einingar innafor BFK 19. Tomtene ynskjer ein å utvikle med tunløysingar, der fritidseiningar kan byggast som frittliggende hytter på inntil 100m<sup>2</sup> BYA eller to samanstilte einingar med samla areal på inntil 200m<sup>2</sup> BYA. Parkering kan løysast i bygg eller på bakkeplan, parkeringskrav kjem fram i punkt 5.8 trafikkhøve.

## 5.4 Utforming, plassering og materialbruk

Bygg skal plasserast med omsyn til terrenget, og ligge mest mogleg i balanse mellom skjering og fylling. Det er sett krav til at einingane skal ha flatt tak, saltak eller pulttak. Føresegnerne legg opp bruk av tre, glas, metall, stein og betong i bygningane. Taktekking skal vere jord/torvtak, tre, skifer eller papp i eins svart eller gråtone. Alle mål for høgder er frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget.

Tomter H: Fritidsbustad kan ha maksimal gesimshøgde ved flatt tak på 4 meter og ved pulttak 6 meter. Maksimal mønehøgde for saltak er 6 meter. For anneks og uthus/garasje er maksimal gesimshøge ved flatt tak 3,5 meter og pulttak 5 meter. Maksimal mønehøgde for saltak er 5 meter.

Tomter BFK: Maksimal gesimshøgd ved flatt tak er 9 meter og ved pulttak 10,5 meter. Maksimal mønehøgde for saltak er 10,5 meter.

Alpinløyper BSA: Innanfor arealkategorien skianlegg kan det leggast til rette for alpinløyper, tur- og sykkelstigar og anlegg for teknisk infrastruktur. Regulerte løyper fra BSA1 - BSA7 gir storparten av hyttene i planen tilkomst til skianlegget, slik at ein ikkje treng å sette seg i bilen for å koma i anlegget. Ein kan berre spenne på seg skia heime og skli rett inn i alpinanlegget. For å kunne nytte alpinløpenettet på ein trygg måte utan å måtte ta av seg skia der løype og veg kryssar er det sett krav om planfri kryssing av SKV3 for alpinløype BSA2, BSA5, BSA6 og BSA7. Alpinløype BSA6 skal krysse SKV6 planfritt og alpinløype BSA4 skal krysse SKV18 planfritt.

Ser ein trond for det kan lysanlegg for løyper, sikringstiltak i form av gjerde eller annan stengsel, snø- og vindskjermar eller anlegg for snøproduksjon etablerast i samband med løypene. Delar av løypene BSA1 og BSA2 ligg på myr i den øvre delen av planen. For å ta omsyn til myra er det det lagt inn omsynssone H560\_1 og H560\_2 i plankartet med tilhøyrande føresegns. Omsynet er nærmere omtala i punkt 5.14.3 Myr.

## 5.5 Friluftsliv

Det er gode moglegheiter for friluftsliv i Flå og det blir stadig betre. Planområdet er omgitt av natur i alle retningar. Det er kort veg til langrennsløypene på åsen med fleirfaldige mil med samanhengande løypestruktur. Alpinløyper og ski- og turløype regulert inn i plankartet gir direkte tilgang til løyper både på fjellet og nyetablerte løyper i baseområdet. Alpinbakke i område BSA1 er opparbeidd og ligg om lag 400 meter fra reguleringsområdet. No er heile BSA1 vere ferdig utbygd med ny t-krokheis og to nye alpintraséar. Sommartid kan ein velje blant mange turar til toppar i nærområdet som mellom anna Trøgadisnatten som ligg like nord for planområdet. I baseområdet er det opparbeidd ferdigheitsløype for sykkel med fem ulike alternative løyper å prøve seg på. Fleire av stigane regulert inn i området er gruslagt for turgåing og sykling. Fiske er det også rikeleg moglegheit for å koma seg på i fleire tjern og elver innan kort avstand.

Flå kommune utførte friluftsliv kartlegging for områda nordaust for Hallingdalselva i 2017. Planområdet er omfatta av denne kartlegginga og er merkt av som område 45. Under arbeidet har verdsetting av områda vorte vekta i høve til lokale tilhøve med følgjande kriterie; Brukarfrekvens, regionale brukarar, opplevingskvaliteter, symbolverdi, funksjon, eignaheit og tilrettelegging. Der det er aktuelt er følgande tema tatt med: Tilgjengeleghet, kunnskapsverdi og Inngrep, utstrekning og potensiell bruk, samt lydmiljø. På ein skala frå 1-5 der 1 angir liten verdi og 5 angir stor verdi er området vurdert på denne måten:



..

Bruksfrekvens	Reg.-og nasjonale brukara	Opplevings-kvaliteter	Symbolverdi	Funksjon	Eignaheit	Tilrettelegging
3	2	3	3	1	1	2

Ei utbygging av området vil etter alt å døme vere positivt for friluftsliv og ferdsel i området. Store deler av dei områda som er planlagt utbygd gjennom områdeplan er vanskeleg tilgjengeleg i dag, nye vegar til nye utbyggingsområde vil gjere turterrenget meir tilgjengeleg. Gjennom utvikling av området vil det bli etablert alpinanlegg, langrennsløyper, turløyper og sykkelstiar. Dette gjer område meir attraktivt og aktivt gjennom alle årets sesongar. Fleire får glede av å vere på tur, samtidig som at trengselen blir større.

## 5.6 Grønstruktur

I planen er det lagt inn områder med grønstruktur i form av LNF formål og grønstruktur formål som gir luft og opprom mellom gruppering av tomter i tillegg til tilgang på omkringliggjande grøntareal og bekk.

Alpinløyper mellom tomtefeltet er regulert inn som skianlegg og koplar områda saman skianlegget. Løypene gjer alpin tilkomst på vinteren og kan nyttast til tur og sykkel og sommaren. Saman med opparbeidde alpintrasear inn mot område gjer dette tilgang til eit større løpenett både i skogen og på fjellet.

Kombinert grøntstruktur (GKG) gjer kopling mellom parkeringsplassen ved skiheisen opp gjennom heile området mot løypene på fjellet. Opparbeiding av turløyper i kombinert grønstruktur på myr skal ein i stor grad forsøke å unngå. Om det skal etablerast løype over myr må skje ved å legge ut klopper eller geodnett og fiberduk oppå myra som underlagt for grusmassar. Ved å gjøre dette vil ein ikkje bryte vasstraumen i myra. Ved tydlege teikn på vassig i myra må det leggast ned stikkrenne. Turvegen må ligge på terren og vere grusa i ei breidd på maks 2,5 meter.

## 5.7 Barn og unge i planlegging

Miljøverndepartementets rundskriv T-2/08 framhevar kommunens ansvar for at all plan- og byggesakshandsaming varetar omsyn til barn og unges trøng for gode oppvekstvilkår og nærmiljø.

Områdeplanen legg opp til enklare tilkomst og ein utvida bruk av staden til sommar- og vinter aktivitetar. Ei utbygging av området vil etter alt å dømme være positivt for barn og unge, og gi moglegheit for at nye områder vert gjort tilgjengeleg for fleire med stor breidde og variasjon.

Uteareal på kvar tomt gjer rom for aktivitet utandørs, saman med omkringliggende friluftsområde, tur- og løpenett og aktivitetstilbod vurderer ein at barn og unges interesser er godt ivaretatt. Opparbeiding av stad for uteplass ved grunnarbeid på tomtene vil sikre eigna privat uteoppphaldsareal. Ein gjer og merksam på at planen omfattar fritidsbygg og ikkje bustadformål.

## 5.8 Trafikkhøve

Tilkomst til utbyggingsområde er frå den søndre rundkøringa på RV 7 gjennom Flå sentrum inn på FV. 2904 (tidlegare FV.203) kvar denne går mot nord. Vidare tek ein av på Heivegen og følgjer opp til ny bru over Hielva ved Sleaberget. Ny veg herifrå fører inn i utbyggingsområdet for Turufjell.

I samband med områdeplan for Turufjell vart det utarbeidd ei trafikkanalyse av Asplan Viak ved Trond Håvard Malvåg for heile utbygginga i Turufjell. Konklusjon frå denne var at trafikkavvikling i rundkøring rv. 7 X fv. 2904 er mottakeleg for meir trafikk, og at utbygging av Turufjell ikkje vil påverke trafikkavviklinga på rv. 7 i vesentleg grad. Det var dog etter ynskjer fra Statens vegvesen krav om ny trafikkvurdering etter IG 420.

Status no er at det er gitt IG på omlag 310-320 eininger, men det er regulert inn eit vesentleg større tal tomter samla til no. I gjeldande planar er det regulert inn 668 eininger so langt. 556 til frittliggende fritidsbusetnad og 112 til konsentrert fritidsbusetnad. I denne plana er det planlagt 135 eininger til frittliggende og 131 til konsentrert, samla 266 eininger for BFR 15 og 16. Totalt regulert tal på eininger er 934.

Hausten 2023 vart det utført eit notat som sett opp ei vurdering dagens trafikksituasjon målt opp mot utarbeidd trafikkanalyse. I punktet oppsummering/anbefaling blir det blant anna skrive at:



..  
«Det vurderes at oppsummering fra trafikkanalysen i 2017 i punkt 6.2 er fortsatt gjeldende. Det anbefales å benytte rapporten fra 2017 i det videre arbeid. Total vurdering er at rundkjøringen rv. 7 Hallingdalsvegen X fv. 2904 Austsidevegen er mottakelig for mertrafikk, og at utbygging av Turufjell ikke vil påvirke trafikkavviklingen i rv. 7 i vesentlig grad.».

Rekkefølgjekrav i Områdeplan for Turufjell sette krav til omlegging av vegen forbi Heimoen bustadfelt, samt breideutviding av vegen mellom FV. 203 og jernbaneundergangen. Dette arbeidet er no utført, det er i tillegg laga gangveg langs Heivegen fra fylkesvegen under jernbanen og opp til krysset mot Heimoen. Vidare er vegen fra Heimoen til Sleaberget utvida og opprusta for å ta unna auka trafikk. I områdeplan er det også stilt krav til gangveg langs FV. 203 fra Flå stasjon til kryss Heivegen. Gangvegen er bygd og tatt i bruk. Etter fylkessamanslåinga har vegen endra nummer til FV. 2904.

Dei rekkefølgjeføresegner som framleis gjeld for trafikkhøve er sett opp i punkt 5.1. Som innleiing til punkt 5 i føresegnerne er det skrive; *Følgjande rekkefølgjekrav for områdeplan for Turufjell vert og gjeldande for denne planen.*

Vidare er punkt 5.1 krav i samband med vegar, vann- og avlaupsleidningar og teknisk infrastruktur skriven slik:

1. Veg SKV 22 til Skarsdalen skal vere opparbeidd innan igangsetjingsløyve for fritidseining nr. 350, eller seinast 31.12.2023.

Vegar inn i plankartet er regulert på følgjande måte:

1. Veg SKV 3 og 18. Regulert breidde 12 meter. Vegbreidda er 6 meter inkl. 0,25 meter skulder på kvar side. Teknisk areal er 3,0 meter på kvar side.
2. Veg SKV 4 og 6-17. Regulert breidde 10 meter. Vegbreidda er 5 meter inkl. 0,5 meter skulder på kvar side. Teknisk areal er 2,5 meter på kvar side.
3. Veg SKV 5. Regulert breidde 6 meter. Vegbreidda er 3 meter inkl. 0,25 meter skulder på kvar side. Teknisk areal er 1,5 meter på kvar side.
4. Veg SKV 19 og 20. Regulert breidde 5 meter. Vegbreidda er 3 meter inkl. 0,25 meter skulder på kvar side. Teknisk areal er 1 meter på kvar side.

For parkering på frittliggende tomter (H) er krav om to parkeringsplassar á 18 m<sup>2</sup> pr. fritidsbustad som vert rekna med i utnyttingsgraden for tomta.

For Fritidsbygg konsentrert (BFK) er det nytta følgande tal for oppvarma BRA i samband med utrekning av parkering:

- 1 p-plass for eining under 65 m<sup>2</sup> BRA.
- 1,5 p-plass for eininger over 65 m<sup>2</sup> BRA.
- Parkering kan leggast i bygg eller på terreng. For p-plassar på terreng skal det leggast til grunn eit areal på 18m<sup>2</sup> som vert rekna med i utnyttingsgraden for tomta.

## 5.9 VA-plan

Ingeniør Geir Korneliussen ved COWI på Hønefoss jobbar med prosjektering av vatn og avlaup frå heile Områdeplan for Turufjell. Områda BFR 15 og 16 inngår i denne heilskapen. Vatn blir henta frå Flå vassverk nede i bygda. Avlaup blir på same måten sendt ned til bygda att for reining.

Anlegga innanfor Turufjellområdet vert prosjektert etter desse punkta; Alle anlegg skal lagast i samsvar med Flå kommune sine VA-normer. VA-anlegg skal sikrast mot frost enten ved at dei vert lagt på frostfrei djubde eller at de vert isolert. Sjølvfallsleidningar ligge med minimum 1% fall.

### 5.9.1 Sløkkevatn

Vatn til heile Turufjellområdet vert løfta opp frå bygda. Gjennom prosjektering av vassanlegget vert omsyn til brannvatn ivaretake ved å sett av brannkummar på leidningsnettet. Plassering og tal på brannkummar vert gjort i samarbeid med teknisk avdeling i kommunen. Høgdebasseng i området gjer tilstrekkeleg mengde vatn etter forskriftskrav.



..  
**5.9.2 Overvavn**

Kvar tomt vil etter opparbeiding og bygging i stor grad bestå av opne flater med vegetasjonsdekte lausmassar som har god evne til å infiltrere overvavn. Det vert ikkje lagt opp til lukka nett for overvavn i området, kun bortleiring av overvavn via veggrøfter og eventuelt supplerande avskjerande grøfter. Forureiningsfaren er liten.

**5.10 Støy**

I samband med områdeplan for Turufjell vart det utarbeidd støyvurdering av Sweco norge As ved Kjetil Follestø for bustadfeltet Heimoen som ligg tett på tilkomstvegen til Turufjell. Denne konkludera med at ved full utbygging vil dimensjonerende ÅDT vere på ca 145 kjørerøy i døgnet. Grenseverdi i støyretningsline T-1442 vil først bli overskride ved ÅDT på mellom 500-800 kjørerøy i døgnet. Planområdet vil derfor tilfredsstille grenseverdi i støyretningline T-1442.

**5.11 Naturfare**

Aktsemdkart frå NVE syner ingen fare for skred innan eller mot planområde. NVEs aktsemdkart for flaum syner at areal innafor planen er utsett for flaumfare. Ved utarbeiding av områdeplan laga Skred AS ved Petter Reinemo rapport rundt flaumfare i området. I samandraget av rapporten skriv Reinemo blant anna:

*«Flere større bekker krysser planområdet til Områdereguleringsplan for Turufjell i Flå kommune. Disse bekkene utgjør en potensiell flomfare, noe som også kommer frem av NVE sine aktosmhetssoner for flom.... Fra beregninger av dimensjonerende flommer, registreringer under feltbefaring og hydraulisk modellering er det utarbeidet flomsone for dimensjonerende 200-årsflom.... Basert på vurderingene av flomfare er det i rapporten anbefalt et sett punkter som bør tas hensyn til for å sikre tilstrekkelig sikkerhet mot flom for ny bebyggelse og infrastruktur.»*

I føresagnene er det lagt inn følgjande i punkt 4.1 flaumfare:

Følgjande krav frå områdeplan for Turufjell vert og gjeldande for denne planen;

1. For områda der det er planlagt bygnad og som er dekka av faresona, skal det gjennomførast risikoreduserande tiltak.
2. Bruer og kuvertar som kryssar vassdrag internt i planområdet skal dimensjonerast for en 200-årsflom. Det skal også sikrast trygge flaumvegar.
3. Mindre bekkar i forbindelse med planområdet som ikkje er omfatta av rapporten må håndsamast tilstrekkeleg med tanke på flaum.
4. Overvavn må håndsamast på ein hensiktssmessig måte internt i planområdet som ikkje gjer auka risiko for flaum og skred for nedstraums bygnad. Opparbeiding av dette flater og endring av drensvegar kan potensielt auke flaumvassføringa i bekkane. Overvasshandtering skal derfor inngå i samband med byggeplan for kvart enkelt felt.
5. Det er vurdert at fastsett vegetasjonsbelte langs bekkeløpa gjev tilstrekkeleg sikkerheit mot erosjon mot planlagt bygnad. Om bygnad vert lagt nærmere bekkekant enn 20 meter bør erosjonssikring vurderast på byggeplannivå.

Aktuelle tiltak er omtala i rapport nummer 17085-01-1 frå Skred As, "Flå, Turufjell - flomvurdering".

**5.12 Klima og energi**

Frittståande hytter skal etter TEK 2017 førast opp med skorstein, ei forutsetning at desse i hovudsak blir fyrt med ved og straum. Føresagnene stiller krav til to oppvarmingskjelder, der det ein skal nytte biobrensel eller varmepumpeløysing mot bergvarme eller luft. Det er ikkje tillat å nytte oppvarmingskjelder som baserer seg på energikjelder som ikkje er fornybare, td. gass, diesel og parafin.

I samband med opparbeiding av område er det prosjektert fordelingsnett for el-kraft. Graving og kopling av kabelnett blir gjort i delområda etterkvart som desse er klare.


**5.13 Landbruks- og naturressursar**



Gardskart på NIBIO syner ei kartlegging av område delt i 13 klassar. Som det kjem fram av kartet ved sida er mykje av arealet sett til myr (blått) eller uproduktiv skog (lys grøn). Resten av arealet er skog med låg bonitet (grøn), berre i den sørlegaste delen ligg eit lite område klassifisert som skog med middels bonitet (djupare grøn).

Frå rapporten til Midteng rundt naturverdiar i områdeplan står det i punkt 2.3 Skogstrukturer at:

*«På tross av at planområdet er flere kvadratkilometer stort og med flere eiere, er skogbildet overraskende homogen. Mangel på bratte partier, områder med ur/stein og lignende er viktige forklaringer på at området i praksis mangler avvikende partier med lite påvirka naturskog. Hele området domineres av hardt plukkhogst påvirket svak naturskog av små og midlere dimensjoner og nesten uten liggende og stående dødved og biologisk gamle trær. Det ble ikke funnet områder med konsentrasjoner av dødved, verken stående eller liggende. Innslaget av stående dødved (gadd) er gjennomgående svært lite i hele planområdet, og det som finnes er i hovedsak fersk gadd av gran.»*



Biletet syner Gardskart på NIBIO.no kartlagt med 13 klassar. Planområde med svart strek.

Heile området domineras av hardt plukkhogst, svak naturskog av små og mildare dimensjoner. Området har gjennom historia vore utsett for fleire plukkhogstar/gjennomhogstar og låg bonitet har medført at skogen i området bruker svært lang tid på å hente seg inn igjen.

Området i heilheit egnar seg til skogbruk, men vert ikkje anset å vere eit viktig landbruks- eller skogbruksareal. Utbygging av området vil føre til at rasjonell skogsdrift innanfor området ikkje vil vere mogleg.



Bildet viser eit typisk område, med store myrområde som deler skogen og at skogen har låg bonitet.

## 5.14 Vassressursar

### 5.14.1 Vurdering etter Forskrift om rammer for vannforvaltningen

I *Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021* er punkt 7.1.1 Standard miljømål som skal nås i planperioden 2016-2021 §§4, 6 og 7 skriven på denne måten:


«Miljømålet for elver, innsjøer og kystvann er minst "god økologisk og kjemisk tilstand". For grunnvann gjelder minst "god kjemisk og kvantitativ tilstand". Miljømålet skal som hovedregel nås innen 2021, i denne planperioden.

For vannforekomster med god eller svært god tilstand kan det være behov for å gjennomføre tiltak som ikke forringar miljøtilstanden (forebyggende/ opprettholdende tiltak). For vannforekomster hvor det er risiko for at miljømålene ikke nås, må det gjennomføres miljøforbedrende tiltak, se Figur 12. Tiltak for å redusere eller fase ut prioriterte miljøgifter skal iverksettes umiddelbart og senest innen utgangen av 2020. Tabell 19 gir en oversikt over vannforskriftens miljømål.»

BFR15 og 16 er som ein ser av figuren under del av eit større nedbørsfelt med relativt høg nedbørsmengda og god avrenning.



..



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat

Kartbakgrunn: Statens Kartverk  
Kartdатум: EUREF89 WGS84  
Prosjeksjon: UTM 33N  
Beregningpunkt: 196529 E  
6716440 N

Nedbørfeltgrenser og feltparametere er automatiskt generert og kan inneholde feil.  
Resultatene må kvalitetssikres.

### Nedbørfeltparametere

Vassdragsnr.: 012.CC1B  
Kommune.: Flå<sup>1</sup>  
Fylke.: Viken  
Vassdrag.: Heieli

#### Feltparametere

Areal (A)	1.7 km <sup>2</sup>
Effektiv sjø (A <sub>SE</sub> )	0.02 %
Elveleende (E <sub>L</sub> )	1.7 km
Elvegradient (E <sub>G</sub> )	87.1 m/km
Elvegradient <sub>1085</sub> (E <sub>G,1085</sub> )	87.8 m/km
Helning	7.4 °
Drereringstethet (D <sub>T</sub> )	1.4 km <sup>-1</sup>
Feltlengde (F <sub>L</sub> )	2.4 km

#### Arealklasse

Bre (A <sub>BRE</sub> )	0 %
Dyrt mark (A <sub>JORD</sub> )	0 %
Myr (A <sub>MYR</sub> )	17.4 %
Leire (A <sub>LEIRE</sub> )	0 %
Skog (A <sub>SKOG</sub> )	79.8 %
Sjø (A <sub>SJØ</sub> )	1.6 %
Snøfell (A <sub>SF</sub> )	0.8 %
Urban (A <sub>U</sub> )	0 %
Uklassifisert areal (A <sub>REST</sub> )	0.7 %

#### Hypsografisk kurve

Heieli <sub>MIN</sub>	681 m
Heieli <sub>10</sub>	746 m
Heieli <sub>20</sub>	762 m
Heieli <sub>30</sub>	786 m
Heieli <sub>40</sub>	803 m
Heieli <sub>50</sub>	820 m
Heieli <sub>60</sub>	837 m
Heieli <sub>70</sub>	852 m
Heieli <sub>80</sub>	864 m
Heieli <sub>90</sub>	883 m
Heieli <sub>MAX</sub>	931 m

#### Klima- /hydrologiske parametere

Avrenning 1961-90 (Q <sub>N</sub> )	25.1 l/s*km <sup>2</sup>
Sommernedbør	403 mm
Vinternedbør	345 mm
Årstemperatur	0.3 °C
Sommertemperatur	7.7 °C
Vintertemperatur	-5.0 °C

### Nedbørsfelt med nedbørsparametre frå nevina.nve.no

Nedbørsfeltet nedstrøms reguleringsområdet er ein del av elva Heieli bekkefelt (VannforekomstID 012-2809-R) på vann-nett.no. Elva er klassifisert som Middels, svært kalkfattig type 1d, humøs (REH2821) og er plassert i klimasone middels (200-800m.o.h). Det er ikkje registrert vassprøver i vann-nett.no. I tabellen nedanfor er det samanstilt data frå vann-nett.no for elva.

Overordna	Underpunkt	Tilstand/ Påvirkning	Kommentar
Miljømål	Økologisk	God	Miljømålet nås 2022--2027
	Kjemisk	God	Miljømålet nås 2022--2027
	Risiko	Ingen risiko	Registrerte påvirkninger har liten effekt og miljømål forventes innfridd
		God	
Økologisk tilstand		God	
Kjemisk tilstand		Udefinert	
Påvirkning	Dammer og vandringshinder	Liten grad	Dam på Brødkåpstjern
	Langtransportert forurensning	Liten grad	Har tiltak. Kvittjern, Raufjellvatn, Styrmanstjørn, Øyvatn, Kaggetjørn kalkes.
	Avløpsvann	Liten grad	Næringsforurensning. Eldre lavstandardhytter
Tiltak		Kalking/Silikatbehandling	Difffus - sur nedbør

Påverknadsfaktor på vassmiljøet i samband med reguleringsplan vil vere høve rundt avløpsanlegg. VA-plan legg opp til kommunalt avløp med reinsing i bygda. Resipient er Hallingdalselva.

Med bakgrunn i dei data som føreligg for plassen på nevina.nve.no og vann-nett.no ser vasstrengen ut til å vere påverka av langtransportert forureining, etablering av nye tomter vil gje liten påverknad på vasskvaliteten elles. Ein ser derfor ikkje behov for å gje føresegn til planen for å ivareta omsyn til vassmiljøet ytterlegare.



#### .. **5.14.2 Tjern og bekkestrengar**

Planområdet omfattar delar av det vestre løpet for Slåttemyrbekken, mot nord i planen ligg det eit lite tjern som eige fråskild del av eit noko større tjern. Tjernet ligg om lag 810 moh., areal av tjernet innanfor plan er på 241m<sup>2</sup>. Tilførsel av vatn skjer frå myrområda rundt, det er også i dette området det vestre løpet av Slåttemyrbekken har sitt utspring.

Petter Reinemo ved Skred AS har ved utarbeiding av områdeplan synfart og teikna inn faresoner for flaum rundt bekkeløpet. Han skriv om bekken at:

«Bekken er godt definert på store deler av strekningen, men med potensielle overlop til sideterreng enkelte steder. I øvre- og nedre del av det vurderte området, vist på figur 2, er terrenget flatere der det forventes at vannet kan bre seg utover sideterreng ved flom.

Bekkeløpet består av en blanding mellom stein og grus med varierende fraksjoner, torv og berg i dagen.  
Potensialet for erosjon- og massetransport vurderes som lite»




Karakteristisk bilde av Slåttemyrbekken, vestre.

#### **5.14.3 Myr**

Myr er viktig eit viktig markslag som flaumdempar, vassreinsar og karbonlager. I tillegg er myra med på å oppretthalde eit stort naturmangfold. Ved utarbeiding av områdeplan vart alle større myrområde etter markslag AR5 lagt som LNF-område.

Rein Midteng skriv i sin rapport om naturverdiar i samband med utarbeiding av områdeplan at:

«Tjernene i området er typisk fattige skogstjern med generelt lite vegetasjon i overgang mellom grunne- og dypere partier. Myrene i området er i all hovedsak jordvassmyrer, dvs. myrer som mottar næringsstoffer via sigevann i overflate- eller i grunnen. Disse er i hovedsak fattige, mens intermediaire myrer unntaksvis finnes i de noe brattere delene av planområdet der hvor overflatevann bringer med seg noe næringsstoffer. Myrene har vanlig utbredte og lite krevende arter som torvmoser, dvergbjørk, hvitlyng, trådstarr, tepperot, torvmyrull, bjørnnskjegg, stjernestarr, sveltstarr, flaskestarr, molte og bukkeblad, sistnevnte i overgang mot sig. Rikmyr ble ikke funnet».



Kartet syner myr etter AR5 på ski- og skiløype med grøn skravur. Det er ikke regulert byggeområde på myr.



..

Illustrasjonen over syner med grå skravur dei områda i AR5 som i kartgrunnlaget er sett til markslaget myrområde. Det er ingen av byggeområda i planen som råkar ved myr. Grøn skravur er lagt på områda regulert til alpintrasè og stig/skiløype som råkar ved myr.

Tabellen nedenfor sett opp storleik og areal for dei skraverte byggeområda. Det er gjort ei kort vurdering for kvart enkelt formål som råkar ved eit myrområdet og korleis dette vert påverka.

Areal	Myr m2	Vurdering	På-verka m2	Areal	Myr m2	Vurdering	På-verka m2
GKG	666+29+75=770m2	Tele i myra ved trakking av skiløype. Geoduk og fiberduk oppå myra som underlagt for grusmassar.	0	BSA2	492	Myr omfattar delar av alpinløype, trakking skjer på tela mark og føresegn set krav til framferd innanfor omsynssone.	0
BSA1	2181	Myr omfattar delar av alpinløype, trakking skjer på tela mark og føresegn set krav til framferd innanfor omsynssone.	0				
<b>Totalt areal med skravur for myr på byggeområde</b>			<b>3443m<sup>2</sup></b>	<b>Totalt areal påverka etter vurdering</b>			<b>0 m<sup>2</sup></b>

Myrområde på areal sett av til alpinløype (BSA1 og 2) utgjer totalt 2673 m<sup>2</sup>. Alpinløypene blir trakka på vinteren på tela marka. Sjølv om deler av alpinløypene ligg på myrområde vil ikkje aktiviteten vere med å påverke myra. I plankartet er det lagt inn omsynssone for myr i konflikt med formålet skianlegg og det er gitt føresegn til området som seier at:

*H560\_1 og H560\_2 Bevaring naturmiljø: Regulert for myr i alpinløype BSA1 og BSA2. Ein skal i stor grad forsøke å unngå inngrep i myrområde. Alpinløype over myr må ligge på terrenget. Ved anleggsverksemnd i samband med opparbeidning av resten av løpa skal området merkast godt, det skal ikkje settast maskiner eller utstyr på eller i nærleiken av omsynsona.*

Ogå for ski- og turløype (GKG) som kjem i konflikt med myrområde er det i plankartet teikna inn omsynssone og gitt føresegn i som seier at:

*H560\_3 - H560\_5 Bevaring naturmiljø: Regulert for myr i ski- og turløype GKG. Det skal ikkje gjerast tekniske inngrep eller terrengetredingar innanfor området. Ein skal i stor grad forsøke å unngå inngrep i myrområde. Turveg over myr må ligge på terrenget. Det kan leggast ut klopper for å lette kryssing eller grusast i ei breidde på max. 2,5 meter. Det skal nyttast geoduk oppå myra under grusmassane. Ved tydlege teikn på vassig i myra må det leggast ned stikkrenne.*

Reguleringsframlegget legg i så stor grad som mogleg opp til å ikkje koma i konflikt med myr. Innanfor heile planområdet ligg det samla i AR5 inne eit område på 13934 m<sup>2</sup> med markslag myr. 3443m<sup>2</sup> av desse kjem på kartet i konflikt med byggeområde. Etter synfaring og vurdering er det faktiske talet med påverka myr innan planen 0m<sup>2</sup>.

## 5.15 Kulturminne

På oppdrag for grunneigarane i området har arkeologar ved Buskerud fylkeskommune utført kulturminneregistrering av området. Registreringane vart gjort i tidsrommet 17.08 - 25.09.2015 og 06.06 - 20.06.2017 med bakgrunn i avgrensing av områdeplan. Det har blitt utarbeidd to rapporter med nummer 2015/3035 i januar 2016 og juni 2017.

Det vart ikkje funnet nokon automatisk freda eller nyare tids kulturminne innanfor delområda BFR 15 og 16. Fagfeltet har derfor ingen merknad til oppstart av planarbeidet. Ber likevel om at følgande føresegn vert innarbeidd ved planforslag til offentleg ettersyn:

*«Dersom det i forbindelse med tiltak i marka blir funnet automatisk fredete kulturminner, skal arbeidet straks stanses og melding skal snarest sendes kulturmennemyndighetene i Viken fylkeskommune, jfr. Lov om kulturminner § 8. Det er viktig at de som utfører arbeid i marka gjøres kjent med denne bestemmelse.»*

Tekst er omarbeidd til nynorsk og lagt inn i føresegnene punkt 2.2 kulturminne.



## 5.16 Forhold til krava i kap II i Naturmangfoldloven

### 5.16.1 Bakgrunn

Etter naturmangfoldlovens § 7 skal prinsippa i lovens §§8-12 leggast til grunn som retningslinje ved utøving av offentleg mynde. Me har gjort følgjande vurdering:

### 5.16.2 Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Me har søkt gjennom miljødirektoratet sin naturbase (<https://kart.naturbase.no>) og Artsdatabasen (<https://artskart.artsdatabanken.no>). Det er ingen registreringar innanfor planområdet, sørvest utanfor planen langs Slåttemyrbekken er det registrert Gubbeskjegg. Arten er på norsk raudliste vurdert til å vere nær truga, det kjem av reduksjon i storleiken på populasjon. Gubbeskjegg er ein relativt vanlig art i eldre barskog, men arten har svært reduserte populasjonar i områder med intensivt skogbruk. Asplan Viak ved naturvitar Rein Midteng utførte ei større registrering i samband med områdeplan for Turufjell. Der framkom det ein naturtypelokalitet for slåttemyr. Denne er sikra i områdeplan og detaljplan gjennom omsynssone og føresegn, men ligg ikkje i nærleiken av området ein no detaljerer.

### 5.16.3 Føre var prinsippet (§9)

Ei gradvis nedbygging av areal er den største trusselen for naturmangfaldet. Omsøkt område er avsett til byggeområde i gjeldande områdeplan for Turufjell vedteke 17.08.2017. Ein har derfor tidlegare gjort ei vurdering at dette området kan takast i bruk som byggeområde. Ein har vidare vurdert at ny regulering kjem tett på områdeplan og at denne ikkje fører til inngrep med eit omfang som gjer behov for hente inn nye data. Det er eit krav at kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Det vert vurdert som lite sannsynleg at tiltaket vil medføre store og ukjente negative konsekvensar for naturmangfaldet.

### 5.16.4 Økosystemtilnærming og samla belastning (§10):

I ei samla vurdering av belastningane på dei naturtypane som vert bygd ned, har ein komen fram til at naturtypane ikkje er unike for denne staden og at ei nedbygging ikkje vil føre til tap av biologisk mangfald.

### 5.16.5 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver (§11):

I følge planforslaget finn ein ikkje tiltak som gjer grunnlag for å pålegge tiltakshavar å dekke kostnader for å avgrense skade på naturmangfaldet. Naturmagfoldsloven § 11 vurderer ein derfor ikkje nærmere.

### 5.16.6 Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetode (§12):

Ein har gjennom arbeid med planen gjort vurderingar rundt helse, miljø og sikkerheit, og faren for at hendingar skal oppstå i samband med aktivitet på eller i samband med planområdet. I føresegnene og plankartet er det lagt inn tiltak for å redusere faren for at hendingar skal inntreffe. Ei samla vurdering av området blant anna gjennom kommuneplan har stor verdi for samfunnet som utbyggingsområde.

### 5.16.7 Vurdering:

Etter vår mening medfører ikkje detaljplanen inngrep av eit omfang som fører til behov for innhenting av nye data eller gjøre nye vurderingar. Dei miljørettslege prinsippa for utøving av offentleg mynde i Naturmangfaldlova skulle dermed være oppfylt.

## 5.17 ROS

Analyse er gjennomført ut frå sjekkliste, og baserer seg på rettleiar frå Direktoratet for Sikkerhet og Beredskap. Uynske hendingar er vurder ut frå sannsyn/konsekvens etter følgande definisjonar:

Sannsyn	Vektning	Definisjon
Svært sannsynlig	5	Skjer kvar veke
Mye sannsynlig	4	Skjer månadleg
Sannsynlig	3	En hending pr år
Lite sannsynlig	2	En hending pr 10 år
Usannsynlig	1	Kjenner ingen tilfelle



..\_\_\_\_\_..

Konsekvens	Vekting	Menneske	Ytre miljø
Kritisk/Katastrofe	5	Personskade som medfører død eller varige men, mange skadd	Omfattende og langvarig miljøskader
Alvorlig	4	Alvorlige personskader	Alvorlige miljøskader
Betydelig	3	Kan føre til alvorlige personskader	Kan føre til alvorlige miljøskader
En viss fare	2	Mindre skader som trenger medisinsk behandling	Mindre skader på miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort tid.
Ufarlig	1	Ingen eller små personskader	Ingen eller ubetydelige skader på miljø

Risikomatrise						
Sannsynlig	5	5	10	15	20	25
	4	4	8	12	16	20
	3	3	6	9	12	15
	2	2	4	6	8	10
	1	1	2	3	4	5
		1	2	3	4	5
Konsekvens						

Hending i røde felt: Tiltak nødvendig

Hending i gule felt: Tiltak må vurderast ut fra kost/nytte

Hending i grøne felt: Eventuelt enkle tiltak

#### Oppsummering

Matrisen viser samandrag av vurdering av sannsyn og konsekvens for ulike hendingar ut frå utarbeidet sjekkliste (sjå vedlegg).

Risikomatrise						
Sannsynlig	5					
	4	Hending 9.1				
	3	Hending 2.1			Hending 3.1	Hending 10.1
	2	Hending 4.2, 4.3				
	1			Hending 2.4,		
		1	2	3	4	5
Konsekvens						

#### Hending nr 2.1 Forureining frå veg, støv/partiklar:

Støv frå grusvegar kan virke sjenerande i periodar på sommaren med langvarig tørke. Tiltak salting av veg.

#### Hending nr 2.4 Forureining frå veg, utslepp/kjemikaliar:

Køyretøy som forulykkast på veg langs bratt terreng.

#### Hending nr 3.1 Ulykker på nærliggande veg/transportåré, veg:

Ulykker på innfartsåre rv. 7 kan få konsekvens for trafikkavvikling til området. Fv 2904 kan brukast som omkjøringsveg.

#### Hending nr 4.2 og 4.3 Ekstremvêr, store snø- og nedbørsmengder:

Det kan førekoma store mengder medbør i form av regn og snø. Ved store snømengder på kort tid kan det oppstå problem med trafikkavvikling. Store snømengder over lengre tid vil kunne krave tiltak som måking av tak for å sikre bygg frå å rase samen.

#### Hending nr 9.1 Andre uynskte hendingar, skog og vegetasjonsbrann:

Vegetasjonsbrann kan førekoma, ein forutsett sløkkevatn frå høgdebasseng og lokale tjern.



..  
Hending nr 10.1 Brann og eksplosjon, brannfare:

Brannstatistikk.no har ført brannstatistikk frå 1.1.2016. I tidsrommet 01.01.2016-31.12.2021 er det 18804 registrerte tilfelle av brann i bygningar. Av desse er 3,26% av brannane knytt til fritidsbustad, altså 613 tilfelle samla. Deler ein dette på alle fem åra blir det om lag 123 tilfelle i året. SSB.no sine tal for antall hytte og andre fritidsbustader pr. 29.09.2022 er på 445 513.  $123/445\ 513 \times 100 = 0,028\%$ . Det er 0,028% sjans for at det skal brenne i ein fritidsbustad. På grunn av store avstandar er brannvern i Hallingdal er dimensjonert med hovudmål å sikre tilgrensande objekt til brannobjektet ikkje for sløkking. Turufjell får vatn frå kommunalt nett. Det er lagt opp til sløkkevatn via basseng og brannkummar.

## - SAMANSTILLING AV VERKNADER

---

### 1.1 Omtale av 0-alternativet

Planområdet består av i dag av skog og litt myr og ligg inn mot opparbeidd område for skianlegg BSA1. 0-alternativet vil vere at arealet vert nytt til hytte og skiområde som avsett i områdeplan.

### 1.2 Samanstilling av konsekvensar

Gjennom utarbeidning av områdeplan for eit stort område som Turufjell har ein gjort arealvurderingar i grove trekk. Det er ikkje alltid ein treff heilt som ynskt på arealbruk med i det store og heile stemmer det godt. Når det gjeld BFR15, BFR16 og skianlegg i områdeplan ser ein at vurdering rundt grensa mot skianlegget ikkje var godt nok planlagt og at det vart tatt med litt ekstra mykje areal til skianlegg for å vere sikker.

Om heile området avsett til skianlegg vart nytt som ein samanhengande alpintrasé vil det vorte avskoga, berg sprengt og ujamnheitar planert ut med skjering og fylling til ei brei flate med jamm helling. Den omarbeidde flata ville ein sådd til med vekstar som bind jordsmonnet godt. Skjøtsel ville føregått med traktor og beitepussar for å halde vegetasjonen nede slik at ein kunne tråkke og preppe baken tidleg med så lite snø som mogleg.

Areal ein no ynskjer utnytta til frittliggende fritidsbygg og vegar med alpinløyper og skiløype mellom vil gje ei heilt anna kjensle for området. Ved å strekkje aktivitetsinfrastrukturen ut i BFR 15 og 16 er den med på å rute opp området i mindre delar, noko som gjer kvart felt moglegheit for å skape sitt eige samhøyre og identitet. Ei opparbeidning av tidlegare skianleggområde til frittliggende fritidsbygg vil i stor grad bli gjennomført med same naturingrep som for opparbeidning til alpinbakke, og konsekvensane av ei omgjering vil ikkje bli så store som ein først kan vente.

Ei auke på 141 eininger frå rettleiande 125 til faktisk 266 framstår heller ikkje så dramatisk. Inntil 131 av einingane er lagt til konsentrerte område som legg under seg mindre areal enn plassert som frittliggende tomter. Ca. 2000 eininger totalt er lagt til grunn ved utarbeidning av områdeplanen. Her ligg det ein buffer då rettleiande tal på einingar innanfor BFR-områda i områdeplan er 1831 tomter.

Turufjell AS ser at det å kunne tilby ulike buformer innanfor området gjer ein større dynamikk og meir spennande og variert bygningsmasse. Ein konsentrering av bygningsmasse inn mot aktivitetsinfrastruktur er gjort i dei siste detaljplanane for andre delområde og ser ut til å vere eit godt grep som tilfører området variasjon på ein positiv måte. Slik planen framstår verkar det hensiktmessig å nytte inneklemt areal til tomter. Slik at ein får strekt løypenetet ut til eit større område.



..\_\_\_\_\_..

## **- VEDLEGG**

Sjekkliste ROS - analyse, dagsett 06.02.2023

Samla merknader til oppstartsvarselet

Trafikkanalyse, dagsett 30.03.2017

Tafikknotat, dagsett 22.10.2023

Støyyvurdering, dagsett 20.03.2017

Flaumvurdering, dagsett 06.06.2017

Avvikskart

Hellingskart

Myrkart

Lengde- og normalprofil vegar